

Språklære Start FASIT

Nynorsk

Språklære er ein serie hefte som gir systematisk trening i grunnleggjande tema innanfor grammatikk og teiknsetjing. Hefta kan brukast til innlæring, øving og repetisjon.

Språklære skal gi elevane større forståing for korleis språket er bygd opp, og hjelpe dei til å sjå samanhengar mellom grammatikalske former og rettskriving. Arbeid med språklære er eit viktig ledd i utviklinga av ein heilskapleg skrivekompetanse og skriving som grunnleggjande dugleik.

Kvart oppslag i heftet inneheld eit spesielt tema innanfor språklæra. Mange av temaa kjem igjen fleire gonger, men i utvida form. Slik får elevane både repetert og utvida læringa. I kvart oppslag får elevane varierte oppgåver som skal gi dei forståing for og erfaring med det aktuelle temaet. Kvart hefte blir avslutta med eit oppslag med repetisjonsoppgåver, som også kan brukast som ein test. Oppsummeringa er kortfatta og oversiktleg, og ho kan også vere nyttig for føresette.

Forslag til arbeidsmåte

Elevane arbeider med kvart kapittel i ein periode på ei eller to veker. Læraren går gjennom temaet som blir behandla, viser med eksempel og går gjennom det som står i regelruta først i kvart kapittel. Somme lærarar vil velje å bruke *Språklære* tidleg i arbeidet med kvart tema, andre vil avslutte eit tema med at barna arbeider i boka. Oppgåvene er langt på veg sjølvinstruerande.

Kommentarar til sentrale tema som blir behandla i *Språklære Start*

- *Alfabetisering*

Elevane arbeider med alfabetisering etter første og andre bokstav. Dette vil vere til hjelp for elevane når dei skal bruke ordbok.

- *Antonym og synonym*

Forståing for og bruk av synonym og antonym vil gi elevane større medvit om variasjon i språket.

- *Teiknsetjing*

Elevane blir kjende med punktum, spørjeteikn og ropeteikn og enkel bruk av komma. Dette er nødvendige skiljeteikn når dei skal skape sine egne tekstar.

- *Substantiv*

Elevane lærer forskjell på samnamn og særnamn og bruk av stor og liten forbokstav. Dei lærer også å finne oppslagsforma av substantiv. Oppslagsforma er nødvendig ved bruk av ordbok.

- *Adjektiv*

Elevane lærer å kjenne igjen og bruke adjektiv, og dei lærer å finne oppslagsforma.

- *Verb*

Elevane lærer kva som kjenneteiknar verb, og dei lærer å finne oppslagsforma.

Fasit

I nokre oppgåver kan elevane komme med fleire svar, vi har i regelen foreslått eitt. Siste oppgåva i kvart kapittel er ei avkrysningsoppgåve og er derfor ikkje med i fasiten. På oppgåvene der elevane skal lage eigne setningar ut frå ord, er det som regel ikkje forslag til fasit. Ekstraoppgåvene som elevane skal gjere i eiga skrivebok, er heller ikkje med i fasiten.

1 Alfabetisering

A

a-b-c-d-e-f-g-h-i-j-k-l-m-n-o-p-q-r-s-t-u-v-w-x-y-z-æ-ø-å

B

ferie, fly, pilot
bilbelte, bremsar, ratt
seglbåt, sjømann, skip
togtur, trafikk, tunnel

C

5,4,3,6,1,2
1,5,4,3,6,2

D

Sabrina, Scott, Selma, Sivert, Sjur

Hugs! Dersom orda begynner med same bokstav, alfabetiserer vi etter andre bokstav.

2 Antonym

A

rask, sein
sterk, svak
liten, stor
kvit, svart
låg, høg
lett, tung

B

Svak som ...
Svart som ...
Tung som ...
Låg som ...

C

dårleg, tjukk, større, lang, farleg

D

varm, nede, ute, bak, lys

Hugs! Eit ord som tyder det motsette av eit anna ord, kallar vi antonym.

3 Punktum og spørjeteikn

A

Eg skal ha selskap på fredag.

Når begynner det?

Det begynner klokka tre.

Kven har du bedt?

Eg har bedt heile klassa.

Eg ønskjer meg bøker og filmar.

B

I dag skal eg ...

Kvar er ...?

Eg liker ...

Kan du ...?

Eg har ...

Korfor har du ...?

C

Kva for dag er det i dag?

Kor gammal har Maria blitt?

Kvar bur ho?

Korleis skal ho feire dagen?

Kva skal ho servere?

D

Har ho ein bror?

Kan ho symje?

Har ho komme heim?

Liker han softis?

Hugs!

Ei setning som fortel om noko, sluttar med punktum.

Ei setning som har eit spørsmål, sluttar med spørjeteikn.

4 Synonym

A

Ring rundt stor, diger, enorm.

Ring rundt livleg, kvikk, rask.

Ring rundt uhyggeleg, nifs, skummel.

Ring rundt morosam, gøy, festleg.

Ring rundt trøyt, slapp, søvnig.

Ring rundt redd, engsteleg, uroleg.

B

- 1 ulike
- 2 sjeldne
- 3 ungane
- 4 treft
- 5 prate

C

Forbode å kaste mat til krokodilla.

Dette buret er for rampete apar.

Ikkje kryp gjennom holet.

Du har lov å fotografere.

Porten skal vere lukka.

Ikkje stikk føtene i vatnet.

D

Bjørnen labbar.

Haren hoppar.

Høna trippar.

Hugs! Ord som tyder nesten det same, kallar vi synonym.

5 Ropeteikn

A

Hurra! Hallo! Uff! Æsj! Heia! Fy! Hei! Å! Huff! Oi! Jippi! Au!

B

Tass, kom hit!

Ta pinnen!

Gi labb!

Ikkje bjeff!

Pass godt på huset!

C (forslag)

Hurra, det er 17. mai!

Au, eg slo meg!

Oi, der er det ein tjuv!

Å, her var det rotete!

Uff, eg saknar Pus!

Jippi, eg vann!

Æsj, eg tapte!

Oi, den var stor!

D

Voff!

Hei, Tassen!

Her er eg! Å, så søt du er!
 Eg er svolten! Eg har kjøpt mat.
 Har du kjøttbein? Ja, men skal vi leike først?
 Kva skal vi leike? Hent ballen!
 Det er lett! Oj, så flink du er!

Hugs! Etter utrop skriv vi ropeteikn.

6 Substantiv – samnamn

A

Ring rundt mann, dame, blåveis, lønn, eik, baby, barn, furu, bjørk, fiol, tulipan, løvetann.

B

menneske	blomstrar	tre
mann	blåveis	lønn
dame	fiol	eik
baby	tulipan	furu
barn	løvetann	bjørk

C

hagen, furu
 eik, nøtter
 blad, hand
 tre, stamme

D

ein mann, ein/ei dame, ein baby, eit barn, ein blåveis, ein fiol, ein tulipan, ein/ei løvetann, ein/ei lønn, ein/ei eik, ein/ei furu, ein/ei bjørk

Hugs! Ord som *gut*, *hus* og *bil* kallar vi samnamn.

7 Substantiv – særnamn

A

Nusse, London, Nielsen, Berg, Kalle, Mira, Ane, Mio, Leo, Løvåsen, Tone, Løvåsveien

B

namn på menneske	namn på dyr	namn på stader
Nielsen	Nusse	London
Tone	Kalle	Berg
Ane	Mio	Løvåsen
Mira	Leo	Løvåsvegen

C

Storgata, Langeby

Per Jensen

D

Alle særnamna skal ha stor førebokstav.

Hugs! Namn på personar, husdyr og stader kallar vi særnamn.

8 Meir om punktum, spørjeteikn, ropeteikn

A

Hurra, der er de!

Ta ned segla!

Kast anker!

Kvar er vi?

Det er supert vår!

Skal vi sove i telt?

Eg vil bade.

Eg liker å segle.

Sit stille!

B

Kva kallar vi golvet på ein båt?

Kva tyder babord og styrbord?

Kva tyder flo og fjære?

C

Alle båtar

Kan du ...?

Kvar skal ...?

Du må ...!

Korfor er ...?

Hurra, ...!

D

Båten er på veg til Lillesand.

Vi kallar båten for Svana.

Alle må bruke redningsvest!

Har du prøvd å segle?

Hjelp, det er eit skjer i sjøen!

Styr unna skjeret!

Det gjekk heldigvis bra.

Kor langt er det igjen no?

Hugs! Setningar bruker å begynne med stor bokstav og slutte med punktum, spørjeteikn eller ropeteikn.

9 Meir om substantiv

A

Raud strek under Pluto, Mars, Tellus, Mjølkevegen, Venus, Karlsvogna.

Blå strek under planetar, stjerne, astronaut, romskip, stjernebilete, universet, sola, månen, komet.

B

Særnamn: Pluto, Mars, Tellus, Mjølkevegen, Venus, Karlsvogna.

Samnamn: planetar, stjerne, astronaut, romskip, stjernebilete, universet, sola, månen, komet.

C

Veit du korleis stjernebildet Orion ser ut?

Vår planet heiter egentleg Tellus.

Det er Venus som er nærmast jorda.

Kor mange månar har Jupiter?

Kvifor blir Mars kalla den raude planeten?

D

Universet er uendeleg stort.

Planetane får lys og varme frå sola.

I vårt solsystem er Saturn en av fleire planetar.

Det er Venus som er nærmast jorda.

Jorda vår blir kalla Tellus.

Sola er egentleg ei stjerne.

Karlsvogna er eit stjernebilete.

Har du høyrte om mannen i månen?

Tenk å reise til månen med eit romskip!

Hugs! Særnamn begynner med stor forbokstav.

Samnamn begynner med liten forbokstav.

10 Adjektiv

A

Ring rundt gul, fin, ny, grønn, varm, raud, moderne, brune, blanke, vasstette, stor, praktisk, stilig, ny.

B Forslag:

Jim har ei gul jakke. Jakka er fin og praktisk.

Hua er stilig og stor. Dessutan er ho varm.

Jim har fått ei ny bukse. Buksa hans er raud og moderne.

Skorne hans er brune, blanke og vasstette.

C

Ring rundt sporty, aktiv, kule, godt, superlette, gode, spreke, luftige, sveitte, slitesterke.

D

raudt, raud, raude

nytt, nye, ny
god, godt, gode
lange, langt, lang
store, stort, stor

Hugs! Ord som beskriv substantiv, kallar vi adjektiv.

11 Verb

A

Ring rundt badar, søv, tøyssar, ryddar, leiker, et, spikkar, klatrar, ler, arbeider, les, fiskar, spring, syng, speler.

Vi badar, søv, tøyssar, ryddar, leiker, et, spikkar, klatrar, ler, arbeider, les, fiskar, spring, syng, speler.

B

Blæs, regnar, torar, smell, brakar.

C

Vaknar, spring, badar, lagar, et, smaker.

D

et, åt
les, las
ryddar, rydda
søv, sov
syng, sang
spring, sprang
leiker, leikte

Hugs! Ord som fortel kva nokon gjer, eller kva som hender, kallar vi verb.

12 Substantiv – oppslagsform

A

Ring rundt klo, sporv, vengje, kongle, tre, fugl, skog, reir, nebb, egg.
(Ordet egg kan vere både eit flertallsord og eit ord i oppslagsform.)

B

fugl, trekkfugl, vinter, svale, gås, gråsporv, land

C

måsene, sjøen, gonger, parken, duene, endene, brødbitane, turistar, dagen, fisk

måse, sjø, gong, park, due, and, brødbit, turist, dag, fisk

D

and, brødbit, dag, due, fisk, gong, måse, park, sjø, turist

Hugs! Dersom du tenkjer *ein*, *ei* eller *eit* framfor eit samnamn, så finn du oppslagsforma til ordet.

13 Adjektiv – oppslagsform

A

Ring rundt rar, kald, stor, høg, rask, treg.

B

tjukk, skarp, lang, varm, gul

C

Ring rundt våt, glad, rar, god.

D

finast, fin
minst, liten
tyngst, tung
dårlegast, dårleg
yngst, ung
størst, stor
eldst, gammal

dårleg, fin, gammal, liten, stor, tung, ung

Hugs! Oppslagsforma av eit adjektiv finn du dersom du tenkjer *han er så* ... framfor adjektivet.

14 Verb – oppslagsform

A

Ring rundt fly, krype, dykke, hoppe, bade, symje, ete, syngje

B

fly, leggje, dykke, ruge, symje, ete

C

var, stod, blei, hadde, er, gjekk

D

å sove, å sitje, å springe, å drikke, å vere
å fiske, å leike, å ete, å fryse, å tenkje

drikke, ete, fiske, fryse, leike, sitje, sove, springe, tenkje, vere

Hugs! Oppslagsforma av verb finn du dersom du tenkjer å framfor verba.

15 Komma ved oppramsing

A

Svara på denne oppgåva er individuelle. Oppgåva fokuserer på riktig bruk av komma.

B

På garden var det griser, kyr, sauer, kalkunar og hestar.

På rommet mitt er det seng, skrivebord, skap, stol og bokhylle.

Eg kjøpte fargar, pennal, blyantspissar linjal og tusj.

C Ulike forslag. Hugs riktig bruk av komma.

D

Han skulle be Ola, Ina, Kristian og Mari i bursdagen sin.

Ho tok med seg handkle, badetøy og saft.

Eg har reist med både tog, fly, bil, buss og båt.

Hugs! Ved oppramsing skriv vi komma mellom orda. Mellom dei to siste orda i oppramsinga skriv vi *og*.

16 Repetisjon

A (forslag)

	<i>synonym</i>	<i>antonym</i>
kjedeleg	gørr	morosamt
tynn	slank	tjukk
gråte	grine	le
stor	diger	liten
sur	gretten	blid
våt	fuktig	tørr

B

Er det nokon heime?

Hjelp, eg fell!

Han er ti år.

Kom hit!

Kvar skal du i ferien?

I fjor var eg i Spania.

C

Raud strek under Mats, Saima, Bodø, Hellas.

Blå strek under guten, jenta, kattar, bestemor, ferie.

gut, jente, katt, bestemor, ferie
bestemor, ferie, gut, jente, katt
Bodø, Hellas, Mats, Saima

D

(Ulike moglegheiter)

E

Ring rundt likte, åt, fekk, tok, smakte.

å like, å ete, å få, å ta, å smake

F

Her vil elevane finne eigne forslag, for eksempel:

substantiv: klovn, elefant, telt, linedansar

adjektiv: stor, fin, morosam, liten

verb: danse, trylle, hoppe, rope